

## KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/36/20

av 9. juli 2009

## om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy

[meldt under nummeret K(2009) 5612]

(2009/563/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll gjeld fram til 31. mars 2010.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

- 5) For å ta omsyn til den vitskaplege utviklinga og marknadsutviklinga bør definisjonen av produktgruppa endrast, og det bør fastsetjast nye miljøkriterium i lys av den nemnde revisjonen.

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet,

- 6) Miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år frå datoen då dette vedtaket vert vedteke.

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det på grunnlag av dei kriteria som er fastsette av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal reviderast i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er oppførte for den aktuelle produktgruppa, gjeld for.
- 4) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ein revisjon av dei miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførte ved kommisjonsvedtak 2002/231/EF av 18. mars 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy, og om endring av vedtak 1999/179/EF<sup>(2)</sup>. Desse miljøkriteria og

- 7) Vedtak 2002/231/EF bør difor bytast ut.
- 8) Det bør innførast ein overgangsperiode for produsentar som har fått tildelt miljømerket for fottøy på grunnlag av dei kriteria som er oppførte i vedtak 2002/231/EF, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse produkta sine til å verte i samsvar med dei reviderte kriteria og krava. Produsentar bør òg kunne sende inn søknader på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2002/231/EF, eller på grunnlag av kriteria i dette vedtaket, fram til vedtak 2002/231/EF sluttar å gjelde.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Produktgruppa «fottøy» omfattar alle klednadsvarear som er utforma for å verne eller dekkje foten, og som har ein fast yttersole som kjem i kontakt med underlaget. Fottøy skal ikkje innehalde elektriske eller elektroniske komponentar.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 196 av 28.7.2009, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/2010 av 2. juli 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 59 av 21.10.2010, s. 17.

<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 77 av 20.3.2002, s. 50.

*Artikkel 2*

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket til produkt som høyrer inn under produktgruppa «fottøy» i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 (heretter kalla «miljømerket»), må fottøyet oppfylle dei kriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «fottøy» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fire år frå datoen då dette vedtaket vert vedteke.

*Artikkel 4*

For administrative føremål vert produktgruppa «fottøy» tildelt kodenummeret «017».

*Artikkel 5*

Vedtak 2002/231/EF vert oppheva.

*Artikkel 6*

1. Søknader om tildeling av miljømerke innanfor produktgruppa «fottøy» som er sende inn før datoen då dette vedtaket vart vedteke, skal vurderast på grunnlag av dei vilkåra som er fastsette i vedtak 2002/231/EF.

2. Søknader om tildeling av miljømerke til produkt innanfor produktgruppa «fottøy» som er sende inn etter datoen då dette vedtaket vart vedteke, men seinast innan 31. mars 2010, skal vurderast anten på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2002/231/EF, eller på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i dette vedtaket.

Desse søknadene skal vurderast på grunnlag av dei kriteria som dei byggjer på.

3. Dersom eit miljømerke er tildelt på grunnlag av ein søknad som er vurdert ut frå dei kriteria som er fastsette i vedtak 2002/231/EF, kan det nemnde miljømerket nyttast i tolv månader frå datoen då dette vedtaket vert vedteke.

*Artikkel 7*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 9. juli 2009.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

## MÅLSETJING

**Føremålet med kriteria**

Desse kriteria skal særleg

- avgrense mengda av giftige reststoff,
- avgrense utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC), og
- fremje eit meir slitesterkt produkt.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av fottøy som har liten innverknad på miljøet.

**Krav med omsyn til vurdering og kontroll**

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Den funksjonelle eininga er eit skopar. Krava er fastsette på grunnlag av skonummer 40 franske stikk («Paris Point»). For barneskor gjeld krava skonummer 32 franske stikk (eller det største skonummeret dersom dette er mindre enn skonummer 32 franske stikk).

Ved bruken av kriteria skal det ikkje takast omsyn til overdelkomponentar som veg mindre enn 3 % av heile overdelen. Ved bruken av kriteria skal det ikkje takast omsyn til yttersolekomponentar som veg mindre enn 3 % av heile yttersolen.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert oppfylte. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

## KRITERIUM

**1. Farlege stoff i sluttproduktet**

- a) Når det gjeld skor som er laga av lær, skal det ikkje finnast krom VI i sluttproduktet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av metoden EN ISO 17075 (påvisingsgrense 3 ppm). Førebuinga av prøva skal gjerast i samsvar med standarden EN ISO 4044.

(NB: Interferens kan gjere måling vanskeleg ved analyse av visse typar farga lær).

- b) Det må ikkje påvisast restar av arsen, kadmium eller bly i dei materiala som vert nytta i samanføringa av produktet eller i sluttproduktet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av ein av dei følgjande EN ISO 14602-metodane:

- Prøving av materiala til samanføring av produktet. Dei stoffa som er nemnde i kriteriet, skal ikkje kunne påvisast i dei materiala som vert nytta i framstillinga av sluttproduktet.
- Prøving av sluttproduktet. Dei stoffa som er nemnde i kriteriet, skal ikkje kunne påvisast i komponentane i overdelen eller underdelen til fottøyet etter åtskiljing og finmaling.

Når det gjeld produkt av lær, skal førebuinga av prøva gjerast i samsvar med standarden EN ISO 4044.

- c) Innhaldet av fritt og delvis hydrolyserbart formaldehyd i fottøyet må ikkje overstige følgjande grenseverdier:

- Tekstilkomponentar: kan ikkje påvisast,
- Lærkomponentar: 150 ppm

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av følgjande prøvingsmetodar: tekstilar: EN ISO 14184-1 (påvisingsgrense 20 ppm), lær: EN ISO 17226-1 eller 2.

## 2. Reduksjon av vassforbruk (berre til garving av hud og skinn)

Følgjande grenseverdier for vassforbruk til garving av hud og skinn<sup>(1)</sup> skal ikkje overskridast:

- Hud: 35 m3/t,
- Skinn: 55 m3/t.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram høveleg dokumentasjon for at dei nemnde grenseverdiane ikkje er overskridne.

## 3. Utslepp frå framstillinga av materiale

- a) Dersom spillvatnet frå garveri og frå tekstilindustrien vert sleppt direkte ut i ferskvatn, må innhaldet av KOF ikkje overstige 250 mg KOF/l spillvatn.

Dersom spillvatn frå garveri vert sleppt ut til eit kommunalt reinseanlegg, skal dette kriteriet ikkje gjelde så lenge det kan påvisast

- at utsleppet av spillvatn frå garveriet til det kommunale reinseanlegget er godkjent, og
- at det kommunale reinseanlegget er verksamt, og at det etterfølgjande utsleppet av handsama vatn i ferskvatn oppfyller minstekrava til Fellesskapet i samsvar med rådsdirektiv 91/271/EØF<sup>(2)</sup>.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport og tilleggsopplysningar som byggjer på følgjande prøvingsmetode: KOF: ISO 6060 Vasskvalitet, fastsetjing av kjemisk oksygenforbruk.

Dersom spillvatnet vert sleppt ut til eit kommunalt reinseanlegg, må den relevante styresmakta dokumentere at utsleppet er godkjent, og at det kommunale anlegget er verksamt og oppfyller minstekrava i direktiv 91/271/EØF.

- b) Spillvatn frå garveri skal etter handsaming innehalde mindre enn 1 mg krom (III)/l.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport og tilleggsopplysningar som byggjer på følgjande prøvingsmetodar: ISO 9174 eller EN 1233 eller EN ISO 11885 for Cr.

## 4. Bruk av farlege stoff (fram til kjøp)

- a) Pentaklorfenol (PCP) og tetraklorfenol (TCP) og salt og esterar av dei skal ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at materiala ikkje inneheld slike klorfenol, saman med ein prøvingsrapport på grunnlag av følgjande prøvingsmetodar: Lær: EN ISO 17070 (påvisingsgrense 0,1 ppm). Tekstilar: XP G 08-015 (påvisingsgrense 0,05 ppm).

- b) Det må ikkje nyttast azofargestoff som kan spaltast til eitt av dei følgjande aromatiske amina:

- |                            |            |
|----------------------------|------------|
| — 4-aminobifenyl           | (92-67-1)  |
| — benzidin                 | (92-87-5)  |
| — 4-klor-o-toluidin        | (95-69-2)  |
| — 2-naftylamin             | (91-59-8)  |
| — o-amino-azotoluen        | (97-56-3)  |
| — 2-amino-4-nitrotoluen    | (99-55-8)  |
| — p-kloranilin             | (106-47-8) |
| — 2,4-diaminoanisol        | (615-05-4) |
| — 4,4'-diaminodifenylmetan | (101-77-9) |
| — 3,3'-diklorbenzidin      | (91-94-1)  |

<sup>(1)</sup> Hud er definert som «det yste laget til fullt utvikla eller fullvaksne større dyr, t.d. storfe, hestar, kamelar, elefantar osv.» Skinn er definert som «det yste laget til mindre dyr, t.d. sauer og geiter, eller til ungdyr av større dyr, t.d. kalvar. Svin, reptil, fuglar og fisk høyrer inn under definisjonen av skinn». (*International Glossary of Leather Terms, ICT*).

<sup>(2)</sup> TEF L 135 av 30.5.1991, s. 40.

— 3,3'-dimetoksybenzidin	(119-90-4)
— 3,3'-dimetylbenzidin	(119-93-7)
— 3,3'-dimetyl-4,4'-diaminofenylmetan	(838-88-0)
— p-kresidin	(120-71-8)
— 4,4'-metylen-bis-(2-kloranilin)	(101-14-4)
— 4,4'-oksydianilin	(101-80-4)
— 4,4'-tiodianilin	(139-65-1)
— o-toluidin	(95-53-4)
— 2,4-diaminotoluen	(95-80-7)
— 2,4,5-trimetylanilin	(137-17-7)
— 4-aminoazobenzen	(60-09-3)
— o-anisidin	(90-04-0)

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike azofargestoff ikkje er vortne nytta. Ved ein eventuell kontroll av denne fråsegna skal følgjande prøvingsmetode nyttast: Lêr — CEN ISO TS 17234. Tekstilar — EN 14362 1 eller 2.

Grenseverdi for tekstilar: 30 ppm (*NB:* Det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, og difor bør resultatata stadfestast).

Grenseverdi for lêr: 30 ppm (*NB:* Det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, 4-aminobifenyl og 2-naftylamin, og difor bør resultatata stadfestast).

c) Følgjande N-nitrosamin må ikkje kunne påvisast i gummi:

- N-nitrosodimetylamin (NDMA)
- N-nitrosodietylamin (NDEA)
- N-nitrosodipropylamin (NDPA)
- N-nitrosodibutylamin (NDBA)
- N-nitrosopiperidin (NPIP)
- N-nitrosopyrrolidin (NPYR)
- N-nitrosomorfolin (NMOR)
- N-nitroso-N-metyl-N-fenylamin (NMPPhA)
- N-nitroso-N-etyl-N-fenylamin (NEPhA)

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på prøvingsmetode EN 12868 (1999-12) eller EN 14602.

d) Kloralkan C10-C13 skal ikkje nyttast i lêr-, gummi- eller tekstilkomponentar.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike kloralkan ikkje er vortne nytta.

e) Fargestoff som oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande, arvestoffskadelege, reproduksjonstoksiske eller farlege for miljøet med følgjande R-setningar: R40, R45, R49, R50, R51, R52, R53, R60, R61, R62, R63 eller R68 (eller ein kombinasjon av desse), skal ikkje nyttast. Klassifiseringsreglar i samsvar med rådsdirektiv 67/548/EØF<sup>(1)</sup> eller europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/45/EF<sup>(2)</sup>. Alternativt kan klassifiseringa utførast i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008<sup>(3)</sup>. I så fall kan ingen stoff eller stoffblandingar tilsetjast råstoff som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er vortne eller kan verte tildelte ei av dei følgjande faresetningane (eller kombinasjonar av dei): H351, H350, H350i, H400, H410, H411, H412, H413, H360F, H360D, H361f, H361d H360FD, H361fd, H360Fd, H360Df, H341.

<sup>(1)</sup> TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 200 av 30.7.1999, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse fargestoffa ikkje er nytta.

- f) Alkylfenoletoksydat (APE) og perfluoroktansulfonat (PFOS) skal ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse fargestoffa ikkje er nytta.

- g) Fargestoff som oppfyller kriteria for klassifisering som hudsensibiliserande, (R43) skal ikkje nyttast. (Klassifiseringsreglar i samsvar med direktiv 67/548/EØF eller direktiv 1999/45/EF).

Alternativt kan klassifiseringa utførast i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008. I så fall kan ingen stoff eller stoffblandingar tilsetjast råstoff som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er vortne eller kan verte tildelte følgjande faresetning: H317.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse fargestoffa ikkje er nytta.

- h) Ftalat: Berre ftalat som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er vortne risikovurderte og ikkje er klassifiserte med følgjande risikoseiningar (eller kombinasjonar av dei): R60, R61, R62, R50, R51, R52, R53, R50/53, R51/53, R52/53, i samsvar med direktiv 67/548/EØF, kan verte nytta i produktet (der det høver). I tillegg er det ikkje tillate å nytte DNOP (di-n-oktylfталat), DINP (di-isononylfталat), DIDP (di-isodecylftalat) i produktet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

- i) Biocid: Berre biocidprodukt som inneheld dei aktive stoffa som er oppførte i vedlegg IA til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/8/EF<sup>(1)</sup>, og som er godkjende for bruk i fottøy, skal kunne nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at krava i dette kriteriet er oppfylte, saman med ei liste over dei biocidproduktene som er nytta.

#### 5. **Bruk av flyktige organiske sambindingar (VOC) under den avsluttande samanføringa av skor**

VOC er alle organiske sambindingar som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K, eller ei tilsvarande fordampingssevne under dei særskilde brukstillhøva.

Den samla bruken av VOC under sluttfasen i framstillinga av fottøy skal ikkje overstige 20 gram VOC/par i gjennomsnitt.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram eit overslag over den samla bruken av VOC under sluttfasen i framstillinga av fottøy, saman med tilleggsopplysningar, prøvingsresultat og høveleg dokumentasjon, rekna ut etter metoden EN 14602. (Det skal først register over innkjøp av lær, lim og etterhandsamingsmiddel og over framstillinga av fottøy i minst dei siste seks månadene.)

#### 6. **Energiforbruk**

Energiforbruket i produksjonsleddet skal leggjast fram.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren vert oppmoda om å leggje fram relevante opplysningar i samsvar med teknisk tillegg A1.

#### 7. **Emballering av sluttproduktet**

Dersom papposker vert nytta som ytteremballasje for fottøy, skal dei vere framstilte av 100 % attvunne materiale. Dersom plastposar vert nytta som ytteremballasje for fottøy, skal dei vere framstilte av minst 75 % attvunne materiale, eller dei skal kunne brytast ned biologisk eller komposterast i samsvar med definisjonane i EN 13432<sup>(2)</sup>.

<sup>(1)</sup> TEF L 123 av 24.4.1998, s. 1.

<sup>(2)</sup> EN 13432 «Krav til emballasje som er gjenvinnbar gjennom kompostering og biologisk nedbryting — Prøvsplan og vurderingskriterier for endelig godkjenning av emballasje».

*Vurdering og kontroll:* Eit eksemplar av emballasjen til produktet skal leggjast ved søknaden, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt. Berre primæremballasje, slik det er definert i europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF<sup>(1)</sup>, er omfatta av kriteriet.

#### 8. Opplysningar på emballasjen

##### a) Bruksrettleiing

Følgjande opplysningar (eller tilsvarande tekst) skal følgje med produktet:

- «Desse skorne er handsama med sikte på betre vassavstøytningsevne. Ytterlegare handsaming er ikkje naudsynt.» (Dette kriteriet gjeld berre for fottøy som er handsama med vassavstøytingsmiddel).
- «Når det er mogleg, bør fottøyet heller reparerast enn kastast. Det er mindre skadeleg for miljøet.»
- «Når fottøy skal kastast, bør det leverast inn til eit lokalt attvinningsanlegg dersom slike finst tilgjengeleg.»

##### b) Opplysningar om miljømerket

Emballasjen skal vere påført følgjande tekst (eller tilsvarande):

«Fleire opplysningar om fellesskapsmiljømerket er å finne på nettstaden <http://www.ecolabel.eu>».

##### c) Opplysningar til forbrukaren

Emballasjen skal vere påført eit informasjonsfelt der søkjaren legg fram strategien sin for miljømessig berekraft.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei prøve på emballasjen til produktet og dei opplysningane som følgjer med, saman med ei fråsegn om at kvar del av dette kriteriet er oppfylt.

#### 9. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- låg luft- og vassureining,
- innhaldet av skadelege stoff er redusert.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei prøve på emballasjen til produktet som òg syner etiketten, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

#### 10. Parametrar som medverkar til auka slitestyrke

Arbeidsskor til yrkesbruk og verneskor må vere påførte CE-merket (i samsvar med rådsdirektiv 89/686/EØF<sup>(2)</sup>).

Alt anna fottøy skal oppfylle dei krava som er oppførte i tabellen nedanfor.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal levere inn ein prøvingsrapport som svarar til dei parametranne som er oppførte i tabellen nedanfor, og som byggjer på følgjande prøvingsmetodar:

- EN 13512 — Overdelen — bøyemotstand
- EN 13571 — Overdelen — rivestyrke
- EN 17707 — Yttersole — bøyemotstand
- EN 12770 — Yttersole — slitestyrke
- EN 17708 — Heile solen — hefteevne i solen
- EN 12771 — Yttersole — rivestyrke
- EN ISO 17700 — Prøvingsmetodar for overdelar, før og innersolar — Fargeektleik overfor gniding

<sup>(1)</sup> TEF L 365 av 31.12.1994, artikkel 3 nr. 1 bokstav a), s. 10: «salgsemballasje eller primæremballasje, dvs. emballasje som tilbys sluttbrukeren eller forbrukeren som en salgsenhet på salgsstedet».

<sup>(2)</sup> TEF L 399 av 30.12.1989, s. 18.

	Vanlege sportsskor	Barneskor	Fritidsskor	Spaserskor for herrar	Vinterskor	Spaserskor for damer	Moteskor	Skor for småbarn	Inneskor
Bøymotstand i overdelen: (ke utan synleg skade)	Tørr = 100 Fuktig = 20	Tørr = 100 Fuktig = 20	Tørr = 80 Fuktig = 20	Tørr = 80 Fuktig = 20	Tørr = 100 Fuktig = 20 - 20° = 30	Tørr = 50 Fuktig = 10	Tørr = 15	Tørr = 15	Tørr = 15
Rivestykke i overdelen: (gjennomsnittleg rivekraft, N)	Lær ≥ 80 Anna materiale ≥ 40	≥ 60 ≥ 40	≥ 60 ≥ 40	≥ 60 ≥ 40	≥ 60 ≥ 40	≥ 40 ≥ 40	≥ 30 ≥ 30	≥ 30 ≥ 30	≥ 30 ≥ 30
Bøymotstand i yttersolen: Riftauke (mm) iss = ingen spontane sprekkar	≤ 4 iss	≤ 4 iss	≤ 4 iss	≤ 4 iss	≤ 4 iss ved -10 °C	≤ 4 iss			
Slitestykke i yttersolen: D ≥ 0,9 g/cm <sup>3</sup> (mm <sup>3</sup> ) D ≥ 0,9 g/cm <sup>3</sup> (mm <sup>3</sup> )	≤ 200 ≤ 150	≤ 200 ≤ 150	≤ 250 ≤ 170	≤ 350 ≤ 200	≤ 200 ≤ 150	≤ 400 ≤ 250			≤ 450 ≤ 300
Hefteevne i yttersolen: (N/mm) Rivestykke i yttersolen: Gjennomsnittleg rivekraft, N/mm)	≥ 4,0	≥ 4,0	≥ 3,0	≥ 3,5	≥ 3,5	≥ 3,0	≥ 2,5	≥ 3,0	≥ 2,5
D ≥ 0,9 g/cm <sup>3</sup> (mm <sup>3</sup> ) D ≥ 0,9 g/cm <sup>3</sup> (mm <sup>3</sup> )	8 6	8 6	8 6	6 4	8 6	6 4	5 4	6 5	5 4
Fargekleik på innsida av fottoyet (föret eller innsida av overdelen). Gråskala på filt etter 50 vaskar	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3		≥ 2/3	≥ 2/3



*Teknisk tillegg***A1. Utrekning av energiforbruket**

Utrekninga av energiforbruket gjeld berre samanføringa (produksjonsleddet) av sluttproduktet.

Det gjennomsnittlege elektrisitetsforbruket (AEC) for kvart skopar kan reknast ut på to måtar:

På grunnlag av dagleg samla framstilling av skor i produksjonsanlegget:

- $MJ_{dp}$  = gjennomsnittleg energibruk per dag til framstilling av skor [elektrisitet + fossilt brensel] (utrekna på årsbasis),
- $N$  = gjennomsnittleg tal på skopar som vert framstilte per dag (utrekna på årsbasis),

$$AEC = \frac{MJ_{dp}}{N}$$

På grunnlag av framstillinga av miljømerkte skor i produksjonsanlegget:

- $MJ_{ep}$  = gjennomsnittleg energibruk per dag til framstilling av miljømerkte skor [elektrisitet + fossilt brensel] (utrekna på årsbasis),
- $N_{ep}$  = gjennomsnittleg tal på miljømerkte skopar som vert framstilte per dag (utrekna på årsbasis),

$$AEC = \frac{MJ_{ep}}{N_{ep}}$$

---